

KYRKJEBLAD FOR ÅL



TA VARE PÅ DI DYRE TID / KONFIRMANTAR GIR HÅP / VER JESU HJARTESLAG I VERDA
DEN STORE KONFIRMANTTUREN / KYRKJEVALET 2023 / DÅPEN – EI FEIRING AV LIVET

NR. 2 | 2023 | 64. ÅRGANG



Foto: Birger Bolstad

*No livnar det i lundar, no lauvast det i li,
den heile skapning stundar no fram til sumars tid.*

*Det er vel fagre stunder når våren kjem her nord
og atter som eit under nytt liv av daude gror.*

- Ta vare på di dyre tid

I fleire år har vårt lokale kyrkje-
kor, Ål kantori med sine vel 20
songarar, gledd mange med si
songglede, i vanlege gudstenes-
ter som i dei meir spennande
folkemusikk-gudstenestene.

Kantoriet har samstundes
arbeidd med større prosjekt:
Eit omfattande Grundtvig-pro-
gram saman med Voss kantori
for nokre år sidan. Ein tanke-
vekkjande salmekveld om Lina
Sandells liv og dikting. Og 19. april i år
hadde kantoriet ein Trygve Bjerkreim-
kveld i Ål kyrkje; kvelden før hadde koret
same konsert i Hemsedal. «Det strøymar
ei livselv av lukke» heitte
programmet, ein kantate
med 17 av tekstane til
Trygve Bjerkreim (1904
– 2001). Sigvald Tveit har komponert og
arrangert korverket.

Ein stor åndeleg arv

- Me har ein stor åndeleg arv å for-
valta etter Trygve Alvgeir Bjerkr-
heim, skriv Sigvald Tveit i forordet til
kantate-tekstane.
Bjerkrheim har gjeve ut 35 bøker, av dei 22
diktsamlingar m.m. Dei mest kjente son-
gane er «Det strøymar ei livselv av lukke»,
«Det er makt i de foldede hender» og «Han
tek ikkje glansen av livet». Hans Kristoffer
Goa har granska livet til diktaren. Mykje

..... I KYRKJEPORTEN



Av Birger Bolstad

av dette kunne Aud Jepsen nytta
i si opplesing om bakgrunnen for
songane.

Fleire av tekstane til Bjerkrheim
ber nok preg av å vera skrivne i
ei litt anna tid enn vår, synest eg,
den tida då bedehus-kulturen
kanskje var ei viktigare ramme
rundt manges liv. Når eg høyrer
mange av songane, tenkjer eg
attende på besteforeldra mine
og deira generasjon (eg er sjølv
goffa). Men det tyder ikkje at tekstane
er uaktuelle. Dei talar med eit inderleg
alvor til oss.

- Ver god mens du kan

For med Bjerkrheim får du
eit perspektiv på livet som
ein lett kan gløyma. Kven
er Gud? Kva tyder det å ha
ei tru? Kva fokus har du på reisa gjennom
livet? Kvar hentar du styrke i livet frå?

Ta vare på di dyre tid

Bjerkrheim fekk leva i mest hundre år,
noko han ville sagt er så kort ei tid. Han
skriv:
«Ta vare på di dyre tid, så fort ho gjeng, so
snøgt ho skrid. Ho er ei perla, å so dyr. Ho
er ein fugl som frå oss flyr»,
Korleis brukar me tida vår? Det er eit
viktig spørsmål for alle, og kanskje spe-
sielt no i desse digitale tider. - Det gjeld
å bruka tida rett, og ikkje skusla ho bort

på noko som ikkje byggjer opp, meinte
Bjerkrheim, og skreiv den sterke songen
«Ver god mens du kan». Det kan elles bli
for seint.

Ål kantori formidlar Bjerkrheim-arven
så flott, som dei også har gjort med
andre viktige salme- og tonekunstnarar.
Dei song til hjarta denne aprilkvelden.
Dirigenten Audun Flaen inspirerer og
fortener takk og ros!



Audun Flaen ved orgelet i Torpo kyrkje.

Audun Flaen sluttar

Kantor Audun Flaen blir pensjo-
nist. Han har tonesett livet til folk i
bygdene våre i over 32 år.
Det blir avskilsgudsteneste med
kyrkjekaffi med Audun søndag
25. juni klokka 11 i Ål kyrkje.



Frå Trygve Bjerkrheim-kvelden med Ål kantori. Ved pianoet musikalsk leiar Audun Flaen. Foto: Tor Sletten



Takk for støtte til kyrkjebladet!

Vipps 627063

Bankgiro
2320.20.70272



KYRKJEBLAD FOR ÅL

REDAKSJON Birger Bolstad (redaktør) • Liv Margit Sørbøen | Dei usignerte artiklane har redaktøren skrivne
BANKGIRO 2320.20.70272 | VIPPS 627063 | ADRESSE Postboks 140, 3571 Ål | UTGJEVAR Leveld, Torpo og Ål sokneråd
GRAFISK PRODUKSJON Kreator, Torget 6, 3570 Ål, www.kreator.no

KYRKJA I ÅL

KYRKJEKONTORET Ope tysdag-fredag kl. 08.30–14.00 | Tlf. 32 08 61 61 | aal.kyrkje@hallingnett.no | www.aal.kyrkje.no

PROST Sveinung Hansen | SOKNEPREST Geir Wiknes | PROSTIPREST Ingrid Finsådal Bakke | KYRKJEVERJE Trond Berthelsen Augunet | SEKRETÆRAR Guro Stave • Elin Etterlid Tveito
KANTOR Audun Flaen (til 30. juli) | MUSIKARAR Ingunn Stræte • Håkon Tveito | DIAKON Hilde Kirkebøen • Målfrid Bergaplass (vikar) | KYRKJELYDSPEDAGOG Elisabeth Husøy
REINHALDAR Anna Flis | KYRKJETENARAR Håkon Tveito • Morten Storhaug • Tom Vidar Myrestølen | SOKNERÅDSLEIAR Einar Brattgard | FELLESRÅDSLEIAR Torfinn Slåtto

Dei gode røtene

Ragnhild Jepsen frå Ål vart ordinert til biskop i Bergen domkyrkje 16. april. Under ein lunsj i Håkons-hallen same dagen, med blant andre kongen til stades, heldt ho denne talen:

Dykkar Majestet. Vyrde gjester. Kjære alle saman !

I ein song frå heimbygda mi syng bandet Hellbillies om «røta ein ikkje kan fløta», og om ein veg som går mellom fortid og framtid. Sjølv om jordbruket i fjellbygdene i Hallingdal nok kan fortone seg litt skrint når ein samanliknar det med fruktbar vestlandsjord, vil eg seie følgjande: Ein skal verdsetje røtene sine! Og ein kan setje nye.

Kyrkje og folk

Björgvin bispedøme har djupe røter som synleggjer tilhøvet mellom kyrkje og folk, og her er verkeleg vegar mellom fortid og framtid. Denne dagen minner oss om alt dette:

Om røter som har vore i jordsmonnet i hundreår. Om forteljingar og segner, og ikkje minst historiske hendingar som har forma ikkje berre landsdelens, men heile landets forteljing, og som vi no går inn i viktige år for å minnast og for å fortolke kva dei kan bety for oss i dag.

Vi er i eit bispedøme der kyrkjesusa har samla menneske i sorg og glede gjennom generasjonar, og der liv og tru har gått hand i hand med natur og livsvilkår og fått utvikle seg saman med dei som bur her. Men nye røter skal også vekse nedover i jorda når unge spirer snart skal setjast i vårklar åker. Vegar og nye stigar skal finne si retning. Men alltid også med vissa om at før oss har nokon trakka opp spor for oss å gå i.

For meg er biletet om røtene - og vegane mellom fortid og framtid - til stor oppmuntring når eg skal ta til i mi gjerning som biskop i Björgvin. Dei gjev retning for korleis vi kan tenke om kyrkja si rolle i eit samfunn der vi som trussamfunn og fortolkar skal ta vare på historie og tradisjonar og vissa om Evangelietts aktualitet. Men der vi også skal møte tida og verda vi lever i med vørnads,

ANDAKT



Av biskop
Ragnhild Jepsen

tillit og nysgjerrighet.

Den fortapte sonen

Vi har mykje god arv å ta med oss inn i tida vi lever i. Bibelforteljingane er ein slik arv. Ei av dei er eg særleg glad i. Det er forteljinga frå Lukasevangeliet om den fortapte sonen. Eg meiner den handlar om både røter og vegar: Den unge sonen i forteljinga

dreg ut i verda med ungdommeleg iver og ein del trass i seg. Lenge går det bra å ikkje tenke på, eller ta omsyn til røtene sine, men heller kaste seg over det som er nytt, spennande og freistande. Men så kjem det ein dag for tomhet. Det som var så forjettande, har i staden vorte mørke. Det som var så lett å seie farvel til, er no eit lys i det fjerne, det einaste som kjennest rett å reise attende til. Så veit vi at sonen kom heim, vart teken i mot med forventning og i kjærleik, og bordet vart dekkja for han. Kanskje torde han til og med å reise ut igjen - men no med ein annan bagasje. Men det var ein lang veg dit.

Og eg tenkjer at mellom tomheten og festen er det så viktig at der er nokon som kan lytte, vere vegledar og oppmuntre. Nokon som kan stadfeste dei gode røtene; dei vi ikkje skal forkaste. Men også oppmuntre til å sjå seg sjølv, sjå Gud og sine medmenneske med eit nytt kjærleg blikk. Og som kjenner at det er godt å gå på den vegen som både er min å forme, men som også er forma av dei som har gått her før meg.

Stolt og takksam

Eg er stolt og takknemleg over å vere del av Jesu Kristi kyrkje på jorda - som har fått i oppdrag å forkynne, formidle og fortolke. Som skal ynskje velkomen til bordet og festen. Og i dag også takke for fellesskap og gjestfridom som har blitt oss til del. Vi treng slike dagar. Eg kjenner meg bore av det fellesskapet som har blitt meg til del, og som eg no skal gå inn i.

Må den allmektige, kjærlege Gud vel-
signe oss alle!



Ivrige konfirmantar og bøsseberarar på Torpo. Frå venstre: Silje Løstegård Gilen, Elida Hagen, Nora Karterud Sørensen, Odin Korrell Holt og Sindre Haugo.

Foto: Vigdis Gåsterud Vedvik

Konfirmantar gir håp

Konfirmantar og andre frivillige samlar kvart år inn pengar til Kirkens Nødhjelp som arbeider for å redde liv i akutte kriseområde - og samstundes forandre liv på sikt. Takka vera innsamla pengar kan Kirkens Nødhjelp gje akutt nødhjelp til ukrainske flyktningar; i Syria har jordskjelvråka fått mat, vatn, hygieneartiklar og teppe m.m.

Fasteaksjonen heiter «Håp i ein drope vatn». Vatn gjev håp og positive ringverknader for enkeltmenneske og lokalsamfunn, for eksempel i Tanzania. Tilgang til reint vatn fører til færre sjukdomar og gjev betre helse.

Takk til konfirmantane og andre som stiller opp for fasteaksjonen!



TAKK FOR STØTTA UNDER ÅRETS FASTEAKSJON

Fekk du ikkje gjeve?
VIPPS til 2426



Fasteaksjonen 2023

Fasteaksjonen 2023 gav slikt resultat
(2022-tala i parentes):

Leveld Sokn	15.780 kr (18.841 kr)
Torpo Sokn	19.847 kr (20.631 kr)
Ål Sokn	61.578 kr (66.255 kr)
Ål kommune til saman	97.205 kr (105.727 kr)

RAGNHILD JEPSEN FRÅ ÅL ER VIGSLA TIL BISKOP:

- Ver Jesu hjarteslag i verda

Vestlands-bispedømet Bjørgvin har fått ny biskop. Sundag 16. april, andre sundag i påsketida, vart Ragnhild Jepsen (53) frå Ål vigsla til biskop i ein høgtideleg seremoni i ei fullsett Bergen domkirke. Til stades var H.M. Kong Harald, statsrådene Kjersti Toppe (Sp) og Marte Mjøs Persen (Ap) og fleire representantar frå det offisielle Noreg og kyrkjeleiarar frå inn- og utland.



Kong Harald og biskop Ragnhild Jepsen i Bergen domkirke.



Ei stolt mor, Aud Jepsen, saman med dottera Ragnhild.

- Dei blanke dagane ligg framfor oss! Slik starta og avslutta Ragnhild Jepsen si fyrste preike som biskop. Ho la vekt på kor viktig nestekjærleik er, dei nære relasjonane, og det å vera ein medborgar i ei verd som ropar etter rettferd.

- Vi treng å høyre kallet om å stå opp mot uretten; om å vere Jesu hjarteslag i verda. Ja, vi treng å la oss inspirere av menneske som trur!

Jepsens preike var fylt av håp og livsmot og handla om disiplane sitt møte med den oppstadne Jesus. Det er ei kraft i oppstoda som kallar til forandring.

Den medlidande Kristus

Jepsen viste til at den oppstadne Kristus er vår Gud som lid med dei som er råka av krigens redslar, som svelt med dei som ikkje har mat, og som gret med dei som er sjuke og einsame. Kristus går med dei som er på flukt frå krig og katastrofar. Og Kristus kjempar med dei som strid mot urett og ondskap.

Jepsen ville ikkje banalisere trua. - Å tru på den oppstadne Kristus er ikkje ei enkel løysing som gjev svar på elles uløyselege oppgåver. Men i lyset frå den oppstadne, (...) kunne kanskje vi også legge orda i vår munn slik Edith Södergran ein gong skreiv dei, sa Jepsen:

«Man frågar icke om Gud finns eller inte finns. Man lägger helt enkelt sin lilla förstånd åt sidan.»

Brødet frå himmelen

I liturgien for bispevigsling heiter det mellom anna: «Du skal rekkje kyrkjelydane brødet, som er Ordet frå Herren».

Preses Olav Fykse Tveit, som leia vigslinga av den nye biskopen, reflekterte over brødet i tala si og fortalde at han, i ein av sine tidlegare karrierer, var sjåfør for bakaren på Gol. Jepsen kunne



Den nye biskopen i Bjørgvin, Ragnhild Jepsen saman med familien sin, ektemannen Einar Vegge og borna Ingjerd og Håkon. Alle foto: Privat

«Et vidunderlig tradisjonsbrudd»

Det var leiande biskop, preses Olav Fykse Tveit, også han frå Hallingdal, som leia vigslinga der den nye biskopen avla løfte og vart beden for. Festgudstenesta inneheldt mykje song og musikk.

I februar bestemte Kyrkjerådet at Jepsen skulle følgja etter Halvor Nordhaug, han hadde vore biskop i Bjørgvin sidan 2009. Med dette vart Ragnhild Jepsen første kvinne etter nesten tusen år med mannlege biskopar i bispedømmet. «Et vidunderlig tradisjonsbrudd», som kyrkjerådsleiar Kristin Gunleiksrud Raam har sagt det.

Er du interessert i å lesa talane til preses Olav Fykse Tveit og biskop Ragnhild Jepsen? Du finn dei på heimesida til www.kyrkja.no

nok ha ete nokre av desse brøda.

«Rekkje (dei) brødet». - Det er eit uttrykk som høyrer livet til, meinte Fykse Tveit. - Det handlar om kva vi treng av næring og av fellesskap.

- Du gir ein lovnad, sa Fykse Tveit til Jepsen. - Det viktigaste i dag er likevel Guds lovnad til deg. Du har mykje å fare med som biskop: Brødet frå himmelen. Ikkje noko mindre enn det.

Status og utfordringar

- Me skulle gjerne sett at gudstenestene hadde fleire deltakarar både på «vanlege» sundagar og i høgtidene, sa sokneprest Geir Wiknes på årsmøtet til Leveld, Torpo og Ål sokn 22. mars der statistikken vart lagt fram.

Færre gjekk til kyrkjens i 2022 samanlikna med tida før koronaen og nedstenginga. I Leveld, Torpo og Ål kyrkjer var det 6.214 gudsteneste-deltakarar i 2022. I 2019 var talet 7.104, medan 2020 hadde 3.784 kyrkjegjengarar og 2021 3.625.

Det er ikkje mange gudstenester som er lagt til rette for ungdom eller born. – Her har me ei utfordring. Det gjeld også dei låge dåpstala. Og berre vel halvparten av årskullet konfirmerer seg, eller 80 prosent av dei døypte, sa Wiknes.

Ei aktuell kyrkje

På årsmøtet viste soknerådsleiar Einar Brattegard til to forhold som han var stolt av og som viser at kyrkja er aktuell:

Fakkeltog for Ukraina etter den russiske invasjonen, og regnbogemessa i samband med Pride i Hallingdal. Ein samd sokneprest framheva i tillegg nyskapingen i desember «Vi syng og spelar jula inn».

For ei gjevarglede!

Gjevarglede i Leveld, Torpo og Ål sokn er stor. Ved ofringane i fjor kom det inn 256.078 kr til saman. Det er ein fin auke samanlikna med koronaåra 2020 og 2021, men ein nedgang samanlikna med 2019.

Misjonsprosjektet 2022 – 2024

Kyrkja i Ål samarbeider med Det Norske Misjonsselskap (NMS) om eit misjonsprosjekt på Madagaskar. I 2022 vart

det samla inn imponerende 110.524 kr (ofringar, gjevarteneste, lotteri m.m.) til formålet.

KIA – Ål (kristent interkulturelt arbeid)

Ål diakoni har ansvar for KIA-Ål med sine ca 40 frivillige. Målet er å skapa møteplassar med likeverd, tillit og respekt mellom nordmenn og innvandrarar, og jobbe for eit fleirkulturelt fellesskap i kyrkjelyd og samfunn. Hovudarbeidet handlar om to prosjekt: «Etter skuletid» kvar måndag der 20-25 born i alderen 4.-7. trinn er med (1/3 har innvandrarbakgrunn), og TID miljø: Språkpraksis.

TID miljø: Språkpraksis

Diakon Hilde Kirkebøen skriv i årsmeldinga for TID miljø kompetansesenter at for 2022 var 27 personar i praksis og aktivitet her. Dei fekk kr 100.000 i støtte frå Arbeids- og velferdsdirektoratet. I tillegg til pedagog og dagleg leiar kunne difor ein prosjektleiar tilsetjast.



Den store konfirmantturen

Konfirmantkullet 2023 vil aldri gløyma helgeturen til Bergen denne våren: Her lærte konfirmantane om den viktige «Sjømannskirken – Norsk kirke i utlandet» som har hovudkontoret sitt i Bergen (så gode vaflar dei serverte!). Konfirmantane deltok i ei gudsteneste i Mariakyrkja, dei såg byen frå Fløyen, pizza på Peppes høyrde med m.m. Bergensturen var full av gode opplevingar. Takk til sokneprest Geir Wiknes!

Foto; Ingunn Solberg Skalle

Kyrkje- valet 2023



Foto: Kyrkjerådet

- Kyrkevalet er 10. og 11. september samtidig med kommune- og fylkestingsvalet.
- Det skal veljast representantar til sokneråd og bispedømmeråd. Dei som blir valde til bispedømmerådet, stiller også på Kyrkjemøtet.
- Du kan førehandsrøyste.
- Alle medlemmer over 15 år kan stemme i kyrkjevalet.
- Du kan endra røystesetelen ved å gje inntil tre kandidatar ei personstemme ved å setja merke ved namnet til kandidaten.
- Ved val til bispedømmerådet kan du gje stemma di til inntil tre kandidatar frå andre lister.

Val til Leveld, Torpo og Ål sokneråd

Leveld sokn:

1	Liv Asdahl Solberg	1953
2	Inger Haug	1966
3	Anne Haug Grønnerød	1966
4	Kåre Berg	1969
5	Ingunn Bollerud	1981
6	Inger Elise Kaslegard	1947

Torpo sokn:

1	Frøydis Stoveland Dekko	1970
2	Line Østro	1973
3	Kari Kristine Flatland	1957
4	Egil Kolsrud	1958
5	Ingveig Ruud	1983
6	Hilde Støen Lillemo	1967
7	Arne Slaatten	1965
8	Hege Svendsgård	1975
9	Ragnhild Sletto	1965
10	Kari Sollien	1957

Ål sokn:

1	Anne Kjerst Frøyen	1961
2	Arild Øystese Hansen	1956
3	Wenche Skår-Ekse	1969
4	Ole Øyvind Anderson	1954
5	Marianne Laa	1972
6	Ingrid Hajem	1974
7	Janne Tveiten Nymoen	1975
8	Audun Vestenfor	1976
9	Lene Fingarsen	1977
10	Line Nedreberg	1976
11	Dina Beate Moholt	1974

Eitt sokneråd, tre sokn

Dei tre sokna Leveld, Torpo og Ål skal bestå, men sokna får eitt felles sokneråd. Tunsberg bispedømmeråd har godkjent at det som hittil har vore ei prøveordning, blir ei fast ordning frå kyrkjevalet 2023.

Val til Tunsberg bispedømmeråd

Tre lister stiller til kyrkjevalet 2023 i Tunsberg bispedømme: Nominasjonskomiteens liste, Åpen folkekirke og eit listesamarbeid mellom Bønnelista og Frimodig kirke.

På nominasjonskomiteens liste er kandidatar som sokneråda i bispedømmet har foreslått. Kandidatane står for ulike syn i kyrkjeaktuelle spørsmål og representerer difor eit mangfald. Arild Øystese Hansen, Ål, er nominert på 12. plass, og Anne Gerd Jorde, Gol, nummer 6. plass.

Det er også lokale kandidatar på dei andre listene. På lista til Åpen folkekirke er Inga Stoveland Dekko, Ål, nominert som nummer tre, og Ingrid Andrea Lono Smedsgård, Gol, står på 13. plass. Tredje lista, listesamarbeidet mellom Bønnelista og Frimodig kirke, har ein halling, Ola Arnfinn Haraldset, Hemsedal.

Du finn mykje informasjon om valet til bispedømmerådet på nett. Du kan starte med å gå inn på www.kyrkja.no. Dei fullstendige vallistene til dømes står her: [Valgliste - Tunsberg bispedømme \(kirken.no\)](http://Valgliste - Tunsberg bispedømme (kirken.no)).

Me tek her med dei tre fyrste personane på kvar liste:

Nominasjonskomiteens liste

1. Glenn Agung Hole, f. 1977, Drammen
2. Gunnbjørg Furuset, f. 1964, Sandefjord
3. Sebastian Kaltoft Hansen, f. 2003, Sandefjord

Åpen folkekirke

1. LILL TONE GRAHL-JACOBSEN, f. 1960, Drammen
2. PETTER HOLM, f. 1960, Tønsberg
3. Inga Stoveland Dekko, f. 2001, Ål

Bønnelista og Frimodig kirke (listesamarbeid)

1. JO HEDBERG, f. 1962, Tønsberg
2. OVE HENNING BERREFJORD, f. 1961, Svarstad
3. Ingjerd Breian Hedberg, f. 1965, Tønsberg

To ålingar, Inga Stoveland Dekko, Åpen folkekirke (biletet) og Øystein Lappegard, Nominasjonskomiteens liste, har site i bispedømmerådet denne valperioden, Inga stiller til val på nytt. Får ho fornya tillit, og kan ho i tilfelle få med seg andre hallingar i det nye bispedømmerådet?



Førehandsrøysting

Også i kyrkjevalet kan du førehandsrøyste: På kyrjekontoret 10. august - 8. september i kontortida i tillegg til 31. august klokka 15 - 20.

Du kan også førehandsrøyste etter gudstjenesta i Torpo kyrkje 27. august, i Leveld og Ål kyrkje 3. september, i Ålingen laurdag 2. september og i Ål helsesenter samtidig med kommunen.

På kyrjekontoret kan du røyste digitalt (fram til 6. september) eller på papir.

Ambulerande røystegjeving

Veljarar som er sjuke eller uføre og ikkje kan koma dit det er førehandsrøysting, kan søkja valstyret om å røyste på staden der dei oppheld seg. Søk (skriftleg eller munnleg) til kyrjekontoret innan 6. september.

VI GÅR I KYRKJA

JUNI

11.06.2023
Torpo kyrkje 11:00

18.06.2023
Ål kyrkje 11:00
Eldregudsteneste

25.06.2023
Ål kyrkje 11:00
Avskjedsgudsteneste med
Audun Flaen. Kyrkjekaffi

JULI

02.07.2023
Leveld kyrkje 11:00

09.07.2023
Ål kyrkje 11:00

16.07.2023
Torpo kyrkje 11:00

23.07.2023
Leveld kyrkje 11:00

29.07.2023
Torpo stavkyrkje 18:00
Olsokgudsteneste

30.07.2023
Nystølkyrkja 11:00

AUGUST

06.08.2023
Leveld kyrkje 11:00

13.08.2023
Torpo kyrkje 11:00

Sangefjell
naturkatedral 13:00

20.08.2023
Ål kyrkje 11:00
Skulestart for 6-åringane

27.08.2023
Leveld kyrkje 11:00
Skulestart for 6-åringane

SEPTEMBER

03.09.2023
Torpo kyrkje 11:00
Skulestart for 6-åringane
Konfirmanthandling

Ål kyrkje 19:00
Konfirmanthandling

10.09.2023
Leveld kyrkje 11:00
Konfirmanthandling

**Med atterhald om
endringar. Følg med på
nettsida og Hallingdølen.**

Vatning på kyrkjegarden i Leveld

Leveld bygdekvinne lag vil også i år ordne med vatning på kyrkjegarden i Leveld. Vatninga startar 29. mai og sluttar 27. august. Det blir ikkje kravt betaling, men dei som vil, kan sende ein liten sum til konto nr. 2320.20.60439.

Tur med tru

Hallingdal har sendt ut 51 misjonærer. Den fyrste var Ole Nestegard d.e. frå Hovet, som vart lærar i Hemsedal. Han gjekk i 1883 til Drammen for å høyra India-misjonæren Lars Olsen Skrefsrud. Fem år seinare gjekk Nestegard i land i Shanghai som misjonær.

Normisjon vil kasta lys over den stolte misjonærhistoria til Hallingdal og arrangerer «Go for it – tur med tru» der deltakarane følgjer i fotspora til Nestegard, men motsett veg. Mest aktuelt for oss her i Ål er marsjen frå Hovet til Gol 7.-9. juni. Ordføraren opnar ei misjonsutstilling på Evjens Minne 8. juni. klokka 13, og kl. 15.30 same dag held Peter Svalheim foredraget "Odd Hoftun - med kraft frå Ål til Nepal" i Ål kulturhus.

**Program og informasjon om arrangementet:
sjå nettsida www.normisjon.no/vebu**

GOFORIT
Drammen - Hemsedal
2. - 11. juni 2023
tur med tru

Namna minnelund

Planen for den namna minnelunden ved Ål kyrkjegard er endra noko. Det har Ål kyrkjelege fellelsråd bestemt. Prosjektet frå 2022 viste seg å bli for dyrt og ambisiøst å gjennomføre. Planen for portalen er endra til minnesmerke i rustfritt stål i staden for glas. Gravfelt og graver inneheld berre små justeringar samanlikna med tidlegare. Saka er sendt Statsforvalteren til godkjenning.

**Sjå teikningar og les meir om dette prosjektet på
heimesida vår: www.aal.kyrkja.no**

Olsokmesse og konsert i stavkyrkja

29. juli klokka 18:
Olsokmesse i Torpo stavkyrkje. Open for alle.

29. juli klokka 20:
Konsert med Espen Wensaas, Ståle Ytterli og Sanskriti Shrestha. Noko av det beste Noreg kan by på av song, gitar og tabla i ein lun og unik konsert. Inngang kr 350.

Neste nummer av kyrkjebladet
kjem ut til 4. september.

DØYPTE

Leveld

19.03.2023 Tiril Kristin Dall-Venås
30.04.2023 Mie Bjella Vissebråten

Vats fjellkyrkje

26.02.2023 Eline Lappagard Gilen

Sangefjell naturkatedral

06.04.2023 Selma Lunden-Gjeitsund
06.04.2023 Oskar Bergo Hasle

Ål

12.03.2023 Fabian Nässequist Lid
26.03.2023 Åshild Aasen Steen
26.03.2023 Peelada Pete Martinsen
26.03.2023 Odin Korell Holt
26.03.2023 Maja Svanaasen
16.04.2023 Hallgrim Stuveseth Nestegard
16.04.2023 Matheo Skalle Tveito Romslo

DØDE

Torpo

26.04.2023 Margit O. Evjen f.:1926

Ål

22.02.2023 Einar Haraldset f.:1963
28.02.2023 Irene Mathisen f.:1934
15.03.2023 Håkon E. Sørboen f.:1937
18.04.2023 Nils Dengerud f.:1959
28.04.2023 Berit-Bertine Dokk f.:1962
29.04.2023 Lill-Jeanett Solstad f.:1988
Østingsen

Stor misjonsfest

NMS (Det Norske Misjonsselskap) inviterer til Sommarfest og generalforsamling i Stjørdal 29. juni-2. juli 2023. På grunn av pandemien er det seks år og ikkje tre år sidan sist storsamling. NMS ventar over eit tusen deltakarar og gjester frå heile verda. Ein av dei er biskop Thomas (bilete) frå det koptisk-ortodokse retreatsenteret Anafora i Egypt

**Meir informasjon om programmet og om
påmelding på nettsida nms.no/sommerfest**



Foto: Maria Indrøy Risanger

Open kyrkje

Ål kyrkje er open i kontortida.

Dåpsbarnet Oskar saman med sokneprest Geir Wiknes og medliturg Elsa Lund Guldsvaag; ho er pensjonert diakon og hyttehalling. Foto: Jorun Berge

INFORMASJON TIL ALLE HUSSTANDAR I ÅL



Sokneprest Geir Wiknes døyper Selma. Pappa Borgar Gjeitsund held dåpsbarnet med mamma Maria ved sida. Bak frå venstre: Eline Rinnaas, Janne Holthe og Tonje Gjeitsund. Foto: Vera Burgun-Lunden

Dåpen – ei feiring av livet!

Til Sangefjell naturkatedral skjærtorsdag, utandørs i ruskeveret, kom så mange som 150 til gudsteneste, den mest besøkte messa i Ål i påska. To born vart døypte her, Selma og Oskar, til stor glede og oppleving for alle som var til stades. Det var soknepresten i Ål, Geir Wiknes, som hadde gudstenesta.

På førehand hadde eine dåpsfølgjet rydda mykje av snøen bort frå naturkatedralen. Og etterpå feira familiane dei døypte med småmat og grilling og leik i snøen på Sangefjell. Dåpen er ei stor hending, same kvar det skjer. Kyrkjebladet stilte foreldra til dåpsborna to spørsmål:

1. Kvifor ville de døypa barnet?
2. Kvifor ville de døypa henne/han i Sangefjell naturkatedral?

FORELDRA TIL SELMA Maria Lunden-Gjeitsund og Borgar Gjeitsund svarar:

- 1: Vi ønsket å døype Selma fordi for oss er det tradisjon, alle i familien er døpt. Og vi ønsket da å føre den tradisjonen og troen videre. Fin måte å samle familie og venner for å feire Selma.
2. Vi syns det var så kjekt å kunne ha dåpen utendørs i naturkatedralen siden Borgar sin familie har, i en lang årrekke, hatt hytte på

Sangefjell. Hele familien pleier å samles der i ferier igjennom hele året.

FORELDRA TIL OSKAR Katrine Berge og Christian Halse svarar:

1. Vi ville døype Oskar fordi vi synes at dåp er en fin tradisjon, samt at vi ønsket at Oskar skulle få sin egen dag og feiring.
2. En kombinasjon av at vi er turfolk og at vi liker å gjøre ting på vår måte, gjorde at vi synes at en dåp ute på fjellet virket som en spennende opplevelse. Når vi i tillegg har en familiehytte på Sangefjell, samt at all familie var hjemme i Hallingdal i påsken, klaffet totalpakken litt for godt til at vi kunne la muligheten gå fra oss.

Hei alle som skal byrja på skulen!

Å byrja på skulen er ei viktig hending i kvart barns liv. Det er reine og nye klede, penal og sekk, og bilete til fotoalbum. Nokre berre gler seg, andre gruer seg også litt. I kyrkja markerer vi store overgangar, og inviterer når store ting skjer. Å kome med alle dei ulike kjenslene til kyrkja er fint, der tenner vi også lys for alle.

Alle som byrjar på skulen og som er døypte blir inviterte til kyrkja for å få

**Første-
klasser**

6-årsboka, vere med å synge, kjenne på undring og glede over det nye som no tek til. De er velkomne også om barnet ikkje er døypt!

Skulestartarane kan gjerne ta med seg sekken til kyrkja – så kan dei legge boka dei får oppi den.

20. august kl.11.00 Ål kyrkje
27. august kl.11.00 Leveld kyrkje
3. september kl.11.00 Torpo kyrkje

Sangefjell Naturkatedral

Sangefjell Naturkatedral ynskjer at hyttefolk, bygdefolk og andre teiknar medlemskap. Dei treng støttespelarar. Vipps 50 kr til 571385 og merk med namn og kontingent. Ingrid Hajem er lokal representant i styret.

BUK 21. – 22. juni

Det blir BUK (Barnas Uke i Kyrkja) i år også, med mange spennande aktivitetar for elevlar på 1.-4. trinn: Fisking, fotball, museum m.m.

Sjå heimesida vår eller kontakt kyrkje-kontoret på tlf 3208 6161 eller vår nye kyrkjelydspedagog Elisabeth Husøy.